NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

NORDIC RUTILE AS
c/o Nordic Mining ASAVika Atrium, oppgang AMunkedamsveien 45
0250 OSLO

Vår dato: 24.11.2023
Vår ref.: 202308566-9 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Fråføring av vatn frå Grytaelva er ikkje konsesjonspliktig, Sunnfjord kommune i Vestland

Vi viser til melding av 19.5.2023 om fråføring av vatn frå Grytaelva. NVE har gjort ei konsesjonspliktvurdering av tiltaket. Først i brevet finn du vedtaket vårt og informasjon om kva du må gjere vidare. Deretter kan du lese om tiltaket og vår vurdering av dette.

NVE sitt vedtak

NVE vedtar at fråføring av vatn frå Grytaelva ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Vedtaket har heimel i vassressurslova § 18.

Dette vedtaket er gyldig i tre år.

Føresetnadar for vedtaket

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med framlagte planar.
- Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, må de planlegge og utføre tiltaket slik at det er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser i vassdraget.
- Det er gitt løyve frå forureiningsmyndigheit (Miljødirektoratet) til utslepp av vatn frå sedimentbassenget på låge vassføringar.


Kva må du gjere videre?

- Dette vedtaket er ikkje eit løyve til å gjennomføre tiltaket. De må ta kontakt med andre myndigheiter for å få **nødvendige løyver**. Aktuelle myndigheiter kan vere:
    - **Kommunen** for avklaring etter plan og bygningslova
    - **Statsforvaltaren** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (anadrom strekning) og eventuell søknad om dispensasjon frå kravet om kantvegetasjon i vassressurslova § 11.
    - **Fylkeskommunen** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (ikkje anadrom strekning) og kulturminnelova. Lista er ikkje uttømmande.

- Avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir påverka av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.
- Dersom de endrar planane for tiltaket bør dei sendast til NVE for ny vurdering.


Orientering om tiltaket

Nordic Rutile AS skal etablere eit gråbergsdeponi som del av Engebøprosjektet. Deponiet skal byggast opp gradvis over ein periode på 15 år, etter kvart som gråberg frå dagbrot på Engebø vert deponert i Engjabødalen. Gjennom Engjabødalen renn det ein liten bekk som har utløp i Grytaelva lenger nede. Det planlagde deponiet vil dekke deler av Engjabødalen, som er ein del av Grytaelva sitt nedbørfelt. Løyvet frå Miljødirektoratet krev at sigevatn frå deponiet skal samlast opp og leiast til prosessområdet og nyttast der eller førast til sjø. Gråbergdeponiet skal byggast ut i to fasar. Dei første fem åra er det behov for å fråføre ca. 12 % av nedbørfeltet til Grytaelva. Dersom ein går vidare med fase 2 (5-15 år) vil ein fråføre samla 22 % av nedbørfeltet. I fase 1 vil 10 % av vassføringa i Grytaelva bli fråført, medan talet samla er 18 % etter fase 2. Fordi det er planlagt sal av gråberg er det usikkert om det er eit reelt behov for fase 2 av prosjektet. Figur 1 under viser korleis nedbørfeltet vil bli påverka av det planlagde tiltaket.



Figur 1: Viser kva areal av nedbørfeltet som vert påverka av gråbergsdeponiet.

Det skal lagast eit sedimentbasseng i fast fjell. Vatn som er reinsa i bassenget skal førast i grøft ned til prosessanlegget ved Førdefjorden. Her skal vatnet nyttast som prosessvatn, eller det vert leia ut i sjøen. Sedimentbassenget vil bli 150 x 50 meter, med ca. 1,2 meter fordrøyningsnivå og ca. 1,2 meter permanent vasspegel, sjå figur 2 under.



Figur 2: Skisse av sedimentbassenget

Det er planlagt å bygge sedimentbassenget på ein slik måte at lågvassføringa i Grytaelva ikkje vert påverka sjølv om vatn vert leia inn i bassenget. Ved å nytte noko av den permanente vasspegelen i sedimentbassenget, vil ein i periodar med låg vassføring føre vatn til Grytaelva for å erstatte det vatnet som er fråført og dermed oppretthalde alminneleg lågvassføring. Berekningar viser at ein i fase 1 kan oppretthalde alminneleg lågvassføring i ca. 36 døgn og i ca. 21 døgn i fase 2.

Det er sett eit generelt mål for vasskvalitet på maksimalt 50 mg/l faststoff i vatnet som kjem ut av sedimentbassenget. I periodar med lite nedbør vil sedimentering og filtrering i bassenget fungere effektivt, og faststoffinnhaldet vere langt lågare enn 50 mg/l. Vasskvaliteten frå sedimentbassenget er vurdert til å vere god i dei tørre periodane der det kan vere behov for å overføre vatn frå bassenget til Grytaelva for å oppretthalde minstevassføringa. Miljødirektoratet godkjente den 26.6.2023 avfallshandteringsplan som inneheldt løysinga med å føre reinsa vatn til Grytaelva.

Tilføring av vatn frå sedimentbassenget skal baserast på manuell styring av pumpe, basert på alarm ved gitte grenseverdiar for vassføringa i Grytaelva. Det skal etablerast automatiske målestasjonar for overvaking av vassføring og nedbør.

Tiltakshavar vurderer å gjere biotopforbetrande tiltak på fiskeførande strekning av Grytaelva. Dette kan vere groper og tersklar for å sikre kulpar med tilstrekkeleg vatn for

fisk i periodar med lågvassføring. Dette vil Nordic Rutile AS i tilfelle gjennomføre i samarbeid med fagkyndige på fisk.

Det er planlagt å erstatte privat vassforsyning frå Grytaelva med borebrønnar.

Fråføring av delfelt til Grytaelva - hovuddata				
TILSIG		Grytaelva	Del av felt til bekk i Engjabødalen som vert fråført – fase 1	Fase 2
Nedbørfelt	km^2	3,2	0,4	0,7
Feltet si middelavrenning	$l/s/km/^2$	91,5	80,2	
Middelvassføring	l/s	292,8	32,1	
Alminneleg lågvassføring	l/s	10,9	1,2	
Planlagt minstevassføring	l/s	10,9	0	
VASSUTTAK				
Inntak	moh.		145	
Avløp	moh.		135	
Volum på inntaksmagasin	m^3		7500	
Lengde på aktuell elvestrekning	m		250 (fiskeførande)	
Høgde på inntaksdam	m		1	
Diameter på røyr	mm		800	
Tal røyrgater	l/s		1	
Maksimalt vassuttak			12 % av nedbørfeltet til Grytaelva	22% av nedbørfeltet til Grytaelva

Kva har høyringspartane uttalt?

Meldinga er sendt **Sunnfjord kommune**, **Vestland fylkeskommune** og **Statsforvaltaren i Vestland** på høyring. Dette er rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har mottatt følgjande uttalar:

Sunnfjord kommune (26.6.2023)

> «***Plan***
> *For området gjeld kommunedelplan for Vevring. Planen finn de her:*
> *https://www.arealplaner.no/4647/arealplaner/534*
>
> ***Naturmangfald***
> *Når det gjeld verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt har vi ikkje kjennskap til anna informasjon enn den som er tilgjengeleg i offentlege databasar, jamfør vedlagt tiltaksanalyse for området ved Grytaelva. Naturtypen «Gamal fattig edellauvskog» er registrert i «nærområdet», samt nokre «artar av nasjonal*

forvaltingsinteresse» (alm, ask, heistarr og olivinlav). Vi reknar ikkje med at desse vil verte særskilt påverka av omsøkte tiltak, men vi har ikkje fagleg kompetanse til å vurdere dette.

Vassdrag
Vi legg ved det vi har av konkrete faglege vurderingar knytt til Grytaelva. Vedlegg «Konsekvenser av gruvevirksomhet».

Friluftslivsområde
Vi har sjekka ut kartlagde og verdsette friluftslivsområde. Vi finn at ein liten del av tiltaksområde ligg innafor eit kartlagt friluftslivsområde Fardalen, med C-verdi.
Faktaark: https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00044133
Vi vurdera at tiltaket ikkje har noko stor betydning for friluftslivet.

Brukarinteresser
Det er bekymringar for vassforsyninga til dei som bur i området. Det går i kvalitet og mengde på drikkevatnet. Det er i alle fall viktig å ivareta dette på ein god måte. Kommunen har hatt mange telefonar frå området, der dei er bekymra for dette. I søknaden sin, står det at i periodar med lite vatn, vil dette tiltaket føre til lite men positivt bidrag til vassføringa. Kva ser ein føre seg i forhold til kvaliteten?»

Statsforvaltaren i Vestland (21.8.2023)

«Statsforvaltaren legg til grunn at lågvassføringa i Grytaelva skal oppretthaldast i eit eventuelt konsesjonsfritak, slik det òg går fram av meldinga om fråføring av vatn frå gråbergdeponiet.

Vi viser til oversendinga 5. juni i år om høyring av melding om overføring av nedbørfelt frå Grytaelva.

Bakgrunn
Nordic Rutile AS har fått krav frå Miljødirektoratet om at vatn som renn gjennom gråbergdeponiet skal leiast vekk frå Grytaelva, gjennom eit sedimentasjonsbasseng, og vidare til fjorden. I første utbyggingsfase vil ti prosent av vassføringa i Grytaelva bli fråført, og i ein eventuell andre fase av utbygginga vil det gjelde 18 prosent av vassføringa. I tørre periodar vurderer Nordic Rutile AS at kvaliteten på vatnet i sedimentasjonsbassenget er så god, at vatn kan førast attende til Grytaelva, for å hindre at elva går tørr. Ved å nytte noko av vatnet som er magasinert i bassenget, skal lågvassføringa bli oppretthalde, sjølv om vatn blir leia inn i bassenget.

Det er omtalt i meldinga at Grytaelva har godt økologisk status. Ei 300 meter lang strekning frå sjøen har førekomst av sjøaure, og det er ål i elva som truleg kan passere vandringshinderet for sjøaure. Elva har plastra elvekantar og tersklar opp til eit fossefall 185 meter frå sjøen. Det er påvist daud fisk i tørre periodar. Data frå kvalitativt og kvantitativt el-fiske utført av Asplan Viak i 2022, tilseier at fisketettleiken er «moderat». Resultata er noko usikre, då dei er baserte på ei undersøking med

kvalitativt overfiske, og ei seinare undersøking i slutten av november ved låg vasstemperatur (som gjev årsyngelen mindre fangbar).

Det er vurdert at 24 prosent fråføring av nedbørfelt vil gje konsekvensgrad «monaleg miljøskade», basert på «stor verdi» for fisk, og ein "forringet" påverknad. Dette fordi det allereie er låg vassføring i Grytaelva, og ytterlegare reduksjon vil auke belastinga. Dersom vatn blir ført tilbake til Grytaelva i tørre periodar, slik det er planlagt, er konsekvensen for livet i elva venta å bli minimal, ved å oppretthalde god vasskvalitet. Dersom lågvassføringa kan aukast, kan tiltaket få positiv effekt.

Ei konsesjonspliktvurdering gjeld effektar av vassdragstiltaket; altså vassuttaket og konstruksjonar i vassdraget. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering
Generelt vil fråføring av nedbørfelt og dermed redusert vassføring, redusere fiskeproduksjonen. I Grytaelva ser det ut til at det er lågvassføringa som er flaskehalsen i produksjonen. Dette er støtta av den fiskefaglege utgreiinga, og lokale observasjonar av daud fisk i tørre periodar. Dersom lågvassføringa blir oppretthalde eller auka, vil fiskeproduksjonen truleg kunne oppretthaldast, og eventuelt aukast. Vi legg til grunn at lågvassføringa i Grytaelva skal oppretthaldast i eit eventuelt konsesjonsfritak, slik det òg går fram av meldinga om fråføring av vatn frå gråbergdeponiet.»

Vestland fylkeskommune (25.8.2023)

«***Vurdering***

<u>Vassmiljø</u>
Fylkeskommunen har ansvar for tiltak i vassdrag eller delar av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dersom det ikkje vert krav om konsesjonshandsaming må saka handsamast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av Vestland fylkeskommune med uttale frå Statsforvaltaren om anadrom strekning nedanfor tiltaket.

I følgje konsesjonspliktvurderinga er anadrom strekning i Grytaelva om lag 300 meter. Grytaelva er ei bratt elv prega av flaumsikringstiltak. Elvekantane er plastra med grov stein med tersklar jamt fordelt opp til eit fossefall 185 meter frå sjøen.

Vassprøvar frå 2008 viser pH mellom 5,2 og 7, noko forhøga aluminium og nikkel, og høgt fargetal (Forfang og Bækken 2008).

Grytaelva vart prøvefiska i 2008 (Bremset mfl. 2009). Det vart fanga 12 ål frå 89 til 400 mm. Fangsten av ål tilseier eit breitt alders- og utviklingsspekter. Det vart fanga 120 aurar frå 31-218 mm. Det vart fanga seks årsklassar frå årsyngel til femåringar, men

svært få var eldre enn tre år. Det vart konkludert med at elva har ein bestand av sjøaure i tillegg til ein elvelevande bestand av aure.

Det vil difor vere viktig å ta vare på fiskebestandane i vassdraget. Grytaelva er eit relativt lite vassdrag, slik at 10 prosent fråføring kan påverke fiskebestandane. Ved høg vassføring vil fråføringa ikkje vere noko problem, men fråføringa kan få innverknad på fisk og ferskvassorganismar før elva når lågvassføring. Dette vil vere avhengig av topografien på vassdraget, og spesielt breidda på elva.
Det er ikkje planlagt minstevassføring i bekken i Engjabødalen, som ligg ovanfor anadrom strekning. Dette vil føre til at ferskvassorganismar og eventuell fisk vil verte vesentleg påverka ned til samløpet med Grytaelva. Dersom elva oppstraums inntaket ikkje er vesentleg påverka av tiltaket bør det også vere ei minstevassføring i denne delen av vassdraget for å sikre ferskvassorganismane like nedstraums inntaket.

Ved å nytte den permanente vasspegelen i sedimenteringsbassenget, vil ein i periodar med låg vassføring kunne føre vatn til Grytaelva for å erstatte det bortleda vatnet og oppretthalde lågvassføringa. Ved lågvassføring er det svært viktig at kvaliteten på det tilbakeførte vatnet er god.

Avrenning frå aktiviteten kan påverke både fisk og andre ferskvassorganismar. Avrenning av finstoff kan tette igjen holrom i elvegrusen som gir langt mindre skjul til fisk og andre ferskvassorganismar. I tillegg er det viktig å hindre ureining som kan føre til at fisk og ferskvassorganisamar døyr. NIVA v/Forfang og Bækken peiker på at Grytaelva vil kunne bli påverka av sigevatn, sprengstoffrestar og partikulært materiale, samt små mengder oljerestar frå det planlagde gråbergsdeponiet dersom ikkje tiltak blir sett i verk for å avskjere avrenninga frå deponiet. Utan tiltak vil dette ha konsekvensar for drikkevasskvaliteten og vasskvaliteten generelt. Sigevatn frå gråbergsdeponiet kan også føre til at det blir meir metall (nikkel) i nedre del av elva. Det er derfor viktig at sigevatnet blir teke hand om før det når Grytaelva.

Grytaelva har god økologisk status. Det må vurderast om tilstanden i Grytaelva blir endra av tiltaket, og vi minner om at det må vurderast om tiltaket kan gjennomførast etter § 12 i vassforskrifta dersom tilstanden blir redusert. Det er bra at det er lagt opp til overvaking etter vassforskrifta for å evaluere påverknad på Grytaelva.

<u>Friluftsliv</u>
Nedre del av Grytaelva ligg i eit registrert friluftsområde (C-verdi) og det kan her vere brukarinteresser knytt til fiske. Det er vanskeleg å vurdere korleis lågare vassføring vil påverke fiskebestanden. Om vatnet kan førast attende til Grytaelva i tørre periodar vil konsekvensane for fisk og fiskeinteressar truleg reduserast. Samla sett vil konsekvensane for friluftsliv truleg vere små/uvesentlege.

<u>Kulturminne</u>
Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til høyringa når det gjeld tilhøvet til automatisk freda kulturminne.

<u>Haustbare viltartar</u>
Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil ha nemneverdig innverknad for leveområde og produktivitet til haustbare viltartar.»

FNF Sogn og Fjordane (22.8.2023)

«…

- *Ulempene med fråføring av delar av nedbørsfeltet i Grytaelva overgår absolutt fordelane ved dette.*
- *NVE må gjere ei **grundige** vurdering av kva fråføring av vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva og eventuell tørrleggig av elva vil sei for livet i denne elva – den økologiske tilstanden, det biologiske mangfaldet, og spesielt for yngel av raudlisteartar om laks og ål.*
- *Nordic Rutil AS må få **krav** om ei **forsvarleg** minstevassføring i Gryta elva for å sikre «vassdragets betydning for plante- og dyreliv» i samsvar til Lov om vassdrag og grunnvatn (Vannressurslova), paragraf 10.*
- *I tillegg til minstevassføringskrav, er det og heilt naudsynt å bevare den gode økologiske tilstanden i elva mtp. på utbygginga i området, ved å bevare området tett opptil elva med naturleg kantvegetasjon, etter vannressurslova paragraf 11.*
- *NVE skal vurdere Nordic Rutil AS sine planar om fråføring av vatn frå Grytaelva etter Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova), spesielt paragraf 18, 8, 10, med vi meiner også at paragrafane 1, 7, 11 og 9 er viktige å vurdere!*
- *Nordic Rutil AS bør få strenge(!) **kontrollkrav** for eventuell fråføring av vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva.*
- *Nordic Rutil AS må få strenge(!) krav om å **dokumentere** all fråføring av vatn frå nedbørsfeltetet til Grytaelva, at dei overheld ei minstevassføring og at dei generelt følgjer konsesjonsplikta og Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova), Lov om ……..*
- *Dersom det blir aktuelt for tilbakeføring av vatn frå Nordic Rutil AS tilbake i Grytaelva for å unngå uttørring, må dei få krav om at vatnet då må være trygt for det biologiske livet i elva og søke løyve om tilbakeføring etter Lov om forureining hjå Statsfovalteren.*

Under vil vi vidare gjere greie for våre argument.
<u>Allmenne interesser er eit friskt og fungerande vassdrag</u>
*Konsesjon til vassdragstiltak seier at «Når du søkjer om konsesjon etter vassressurslova vurderer NVE fordelane og ulempene ved tiltaket opp mot kvarandre. Dersom fordelane er større enn ulemper for allmenne og private interesser kan tiltaket få konsesjon etter vassressurslova»**.** Nordic Rutil AS søkjer om å fråføre 12-18% av nedbørsfeltet til Grytaelva over fleire år.*

FNF meinar at ulempene med fråføring av opp til 18% av nedbørsfeltet til Grytaelva overgår absolutt fordelane ved dette. FNF representerer allmenne interesser gjennom fleire frivillige natur- og friluftslivs- organisasjonar som har stort nedslagsfelt i- og rundt Førdefjorden. Dette er eit området som er mykje brukt til friluftslivsutøvelse,

jakt- og fiske og tur både på land og på fjorden – og Grytaelva er eit viktig vassdrag som er oppvekstmiljø for fleire fiskeartar som lev i Førdefjorden og som er viktige arter for biologisk mangfald i fjorden og jakt-, fiske og friluftsinteresser.

FNF meinar at NVE bør gjere ei grundig vurdering av kva fråføring av delar av nedbørsfeltet til Grytaelva vil sei for livet i vassdraget – det biologiske mangfaldet og raudlisteartar som lev her.

<u>Økologisk tilstand</u>

Grytaelva har, også i følgje Nordic Rutile AS si eiga vurdering, per i dag god økologisk tilstand og her finst bestandar av ål og laks (smolt) og sjøaure. Slike elvevassdrag er oppvekstmiljø for anadrom fisk som laks og aure, som gyter i elvene, og leveområde for arter som ål, som lev i elvevassdrag, men gyter i havet.

FNF meiner slike viktige økosystem må ivaretakast. Her må NVE gjere grundige vurderingar og iverksette tilstrekkeleg overvaking av den økologiske tilstanden til vassdraget og iverksette krav og tiltak mot å legge elva tørr og mot å øydelegge kantvegetasjon langs vassdraget.

Minstekrav for tilstrekkeleg vassføring

FNF meiner at det må vere krav om ei minste tilstrekkeleg vassføring i Grytaelva, så ein unngår at elva på noko som helst tidspunkt går seg tørr! Det er ekstremt viktig for å bevarer gode leveforhold for dei rødlista artane laks og ål, samt sjøaure i elva, no og i framtida. Nordic Rutil AS må få krav om forsvarleg minstevassføring i Gryta elva for å sikre «vassdragets betydning for plante- og dyreliv» i samsvar til Lov om vassdrag og grunnvatn (Vannressurslova).

<u>Ta vare på raudlisteartane</u>

Ål er ein sterkt trua art, ifølge Artsdatabanken si raudliste, og vi har eit ansvar for å «gi ålen dei beste overlevelsesvilkår for bestandsoppbygging, slik at ålen kan bidra til gyting når dei vender tilbake til Sargassohavet (frå norske vassdrag)».

Laksen hamna i 2021 på raudlista som «Nær Trua». Lakseyngelen lev i elva i 2-6 år (!) før den vandrar ut i sjøen som smolt. I 2009 kom det ein rapport frå NINA der dei finn utvandring av laksesmolt. Funn av smolt i Grytaelva vil då sei at denne har Grytaelva som oppvekststad og treng god økologisk tilstand i elva over lang tid for å overleve til smoltstadiet. Det er dette vi i FNF meiner er ekstremt viktig å ivareta! Raudlisteartar er allereie under sterkt press både lokalt og nasjonalt og treng derfor eit spesielt sterkt vern! Derfor vil fråføring av opp til 18% vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva over fleire år, heilt sikkert sterkt redusere vasstanden i elvevassdraget og risikoen for utørring vil vere tilstades. Dette er ei ulempe vi i FNF ikkje vil akseptere.

<u>Biologisk mangfald</u>

NINA har i sin rapport også dokumentert funn høg tettheit av sjøaure i Grytaelva, som mest sannsynleg er eit stadeigen bestand, som gjer den til ein viktig del av bestanden i lys av å ta vare på biologisk mangfald. Dette må ivaretakast. Aure er ikkje med i Meldinga frå Nordic Rutil AS, som berre nemner dei raudlista artane ål og laks.

<u>Stopp bit-for-bit-nedbygging</u>
Delar av Førdefjorden er nasjonal laksefjord. Det er den nok på grunn av Nausta, elvevassdraget som har status som nasjonal laksevassdrag, som ligg lengre inne i Førdefjorden. Dette vassdraget vil nok verte vurdert til å ha høgre KU-verdi, enn Grytaelva, som rapporten til NINA frå 2009 påpeikar. Men, og dette er eit stort og viktig men. Det er eit enormt behov for fokus på det ekstreme presset som bit-for-bit nedbygging av all naturlege økosystem, har på det biologiske mangfaldet vi har – og treng å ta vare på. FNF krev at vassdrag langs Førdefjorden også får sterkare vern og betre forvaltning for ikkje å miste det biologiske mangfaldet ein finn langs- og i fjorden.

<u>Tilbakeføring av vatn til Grytaelva</u>
NVE foreslår at eit alternativ til Nordic Rutil AS er å tilbakeføre vatn til Grytaelva etter at det har vore innom industrianlegget. Då må det søkast om utslepp i henhald til forureiningslova hjå Statsforvalteren. FNF er skeptiske til ei slik løysing og vil anbefale at ein heller unngår å ta for mykje vatn ut av nedbørsfeltet til elv, slik at den går tørr.

FNF registrerer at den økologiske tilstanden i Grytaelva i dag er god og stiller krav til at den tilstanden må ivaretakast, samt ivaretakelse av det biologiske mangfaldet inkludert dei raudlista artane.

Dersom det blir aktuelt for tilbakeføring av vatn frå Nordic Rutil AS tilbake i Grytaelva for å unngå uttørring, må dei få krav om at vatnet då må være 100% trygt for det biologiske livet i elva og vi reknar med at dette vil utløyse eit krav om å søke løyve om tilbakeføring etter Lov om forureining og etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfaldslova), hjå Statsforvalteren. Om Nordic Rutile AS skulle få lov å tilbakeføre vatn, så krev vi at dette må nøye kontrollerast, overvakast og dokumenterast.

<u>Overvakings- kontroll- og dokumentasjonskrav</u>
Om laks, skriv Havforskningsinsituttet i 20214 at det i Nordic Rutil AS sin utsleppstillatelse
«(…) angis at det ikke skal sprenges i perioden for utvandring av smolt (15. mai- 15. juni). Dette innebærer at det må sprenges ut nok malm til kontinuerlig drift i denne perioden, noe som bekreftes i Nordic Rutil AS ASA sin rapport fra tilleggsundersøkelsene til konsekvensutredningen (Anon 2014): «I nevnte periode tilsvarer dette ca. 50-60.000 tonn malm. Dette kan gjennomføres ved at malmproduksjonen økes i perioden april-mai for lagring og bruk i perioden med vandring av smolt.».

FNF meiner at dette er ei viktig lovnad. Og krev at Nordic Rutil AS bør få strenge kontrollkrav for eventuell fråføring av vatn frå Grytaelva. Lovnader og konsesjonskrav må overvåkast på ein tilstrekkeleg måte og dokumenterast, for at ein skal vite at det blir gjort nødvendige tiltak for å bevare det biologiske mangfaldet og dei viktige rødlista artane i Grytaelva.

FNF meiner også at dette kontrollkrava bør kunne dokumenterast og at Nordic Rutil AS er transparente når det kjem til innsikt i dokumentasjon på dei tiltak som blir gjort for å bevare Grytaelva og det biologiske mangfaldet der.

<u>Oppsummert krev FNF at NVE påser at Nordic Rutile AS får:</u>
- Krav om minstevassføring
- Krav om å ivareta kantvegetasjonen langs Grytaelvavassdraget
- Krav om overvaking av- og oppretthalding av god av økologisk tilstand av Grytaelva
- Krav om å overvake og dokumentere tilstand og evetuelle endringar i biologisk mangfald og bestandane av raudlista artar
- Krav om å gjere tiltak i elva så ein ivaretek god økologisk tilstand, det biologiske mangfaldet i elva, spesielt dei raudlista artane.

…»

Jostein Rikstad Grytten (23.8.2023)

«Jeg har noen opplysninger som jeg mener må vurderes slik at det blir utført en konsesjonsbehandling av denne saken.
Jeg er grunneier av gr.nr/br.nr. 432/1 1 i Sunnfjord kommune, Grytaelva renner over min eiendom.

Nordic Rutile som vil fraføre vann fra denne elven har ikke vert i kontakt med meg ang dette. Jeg mener at jeg har en fallrett som med denne fraføringen som blir berørt.

Jeg ønsker en konsesjonsbehandling ang denne fraføringen slik at de faktiske forhold ved mengde og område blir riktig vurdert. Også at en riktig kompensasjon for bortfall av vann og fallrett blir vurdert.

Saken må derfor konsesjonsbehandles.»

Jostein Rikstad Grytten og Tor Grytten (17.8.2023)

«Jeg har div kommentarer og opplysninger som jeg mener må vurderes slik at det blir utført en konsesjonsbehandling av denne saken. ***Saken må konsesjons behandles etter vassressursloven****.*

1. *Det er ikke Miljødirektoratet som har stilt krav om at vann som renn gjennom området ved gråbergdeponiet skal ledes bort fra Grytaelva. Det er Nordic Rutile (NR) som har planlagt dette, uten noen som helst godkjenning. Dette kom først opp da jeg stilte spørsmål til NVE i august 2022, ang denne fraføringen av vann fra elva.*
   Etter at jeg 25.okt 2022 sendte en uttalelse ang avfallshåndteringsplanen til Miljødirektoratet har NR og Asplan Viak (AV) sendt er rapport datert 6. desember 2022, med vurderinger av mulige konsekvenser av dagbrudd og landdeponi for

Grytaelva. (se vedlegg: «Godkjenning av avfallshåndteringsplan og vedtak om revidert tillatelse side 4 punkt 3.2.4)»

2. *Det er 7 bruks nr som er medeiere i dagens brønn (vannverk). Pr i dag er det seks boliger som har vann fra en brønn som igjen har inntak fra Grytaelva. Videre er det gårdsbruk som i dag ikke har dyr, men som var med i beregningen da brønn og vannverket ble etablert. Dette må med i de videre beregninger ang eventuelt fremtidig vannløsning. Pr dato har vi tilgang på drikkevann på flasker (kanne 5 liter) levert av NR. Dette fordi NR vurderer at avsig fra anleggsarbeidene i Engebødalen kan ha innvirkning på vannet i Grytaelva. NR har lovet at de skal etablere ny vannløsning til brukerne av vann fra eksisterende løsning. Det er ca. et år siden, men lite konkret er kommet frem til nå ang dette. NR skrive i sin «Konsesjonspliktvurdering av vannuttak fra overflatevann»: «Eksisterende privat vannforsyning fra Gryta vil erstattes av borebrønner. Dette kan også bidra positivt i perioder med liten vannføring».*
   Hvordan dette kan bidra ved liten vannføring forstår jeg ikke. Det må i så fall lages spesielle borebrønner til dette formålet. Det kan være en god løsning.

3. *Det er store områder i Engebødalen som er utført anleggsarbeider på. Det er mange tusen m3 med fjell som er sprengt og sikkert like mange tusen m3 med myr som er gravd opp og flyttet. Avrenning fra dette arbeidet har rent rett i elven som går gjennom Engebødalen og til Grytaelva, uten noe form for rensetiltak. NR prøvde å lage et provisorisk sedimenteringsbasseng, men det var mislykket. Jeg har prøvd å få noen til å ta tak for å få stoppet denne avrenningen, men det har vert nytteløst. NR refererer til div målinger som de utfører og Sunnfjord kommune godtar dette.*
   Ved nedbør viser fargen på vannet i elva at det er avrenning fra Engebødalen, det trengs ikke målinger får å stadfeste dette. NR og AV skrive sin «Konsesjonspliktvurdering av vannuttak fra overflatevann» «Gråbergsdeponiet bygges ut i 2 faser. I den første fasen (0-5 år) er det kun et areal på 12% av nedbørsfeltet som påvirkes (figur 2). I fase 2 (5-15 år) vil 22% av nedbørsfeltet påvirkes. Fase 1 tilsvarer bortledning av ca. 10% av vannføringen fra Gryta. Fase 2 innebærer ca. 18% av vannføringen. Det foreligger planer om salg av gråberg. Det er derfor usikkert hvorvidt det vil være et reelt behov for utbygging av fase 2 etter 5 år. Det er sannsynlig at det ikke vil være behov for deponering av i alle fall deler av denne massen».

   Ang % av nedbørsfelt og mengde av vann mener jeg at det tatt for lite område (daa) og mengde med vann (m3) som blir forurenset av vann fra deponiet. Dessuten blir også avrenning fra område utenfor deponiet og som renner gjennom deponiet forurenset. Al avrenning som blir forurenset av driften i Engebødalen må føres inn i sedimenteringsbassenget og videre til Engebø.

4. *Ifølge vedtatte reguleringsplan og Miljødirektoratets tillatelse har NR tillatelse til et lenddeponi på inntil 450 daa., og deponering av maks 15 millioner m3 med stein og jordmasser i deponiet i Engebødalen.*

Da må det være dette område (450 daa) og masser (15 mill m3) som må legges til grunn for en konsesjonsbehandling og ikke en tilfeldig vurdering.

5. *I konsesjonsplikt vurderingen fra NR skriver de: «Det vurderes også tiltak i fiskeførende strekning av Gryta, som etablering av groper og terskler for å sikre kulper med tilstrekkelig vann for fisken i perioder med lavvannsføring. Dette vil eventuelt gjennomføres i samarbeid med fagkyndige på fisk.» Dette kan være en meget positiv løsning.*

   Det er en annen løsning som jeg liker mindre og som ikke må brukes. (se vedlegg: «Godkjenning av avfallshåndteringsplan og vedtak om revidert tillatelse side 4 punkt 3.2.4)». «Når bedriften tar ut vann som normalt ville gått til Grytelva, vil dette kunne påvirke fisk i Grytelva negativt. Elva har imidlertid i utgangspunktet så lav vannføring i tørre perioder at det påvirker fisk i elva. Rapporten fra Asplan Viak foreslår flere avbøtende tiltak. Et av tiltakene er å føre noe vann fra sedimentasjonsbassenget til elva i tørre perioder, noe som vil kunne påvirke elva positivt, forutsatt at kvaliteten på tilført vann er tilfredsstillende».

   Dette å få kvaliteten på det tilførte vannet tilfredsstillende blir vanskelig, og må derfor utredes ordentlig. Tilførsel av vann fra borebrønner vil være en bedre løsning.

   Legger ved et utklipp fra en miljørisikovurdering som er laget ang utslipp av vann ved anleggsdrift ved Fornebubanen.

   Link til vurdering: vedlegg-3---miljorisikovurdering-fornebubanen.pdf (statsforvalteren.no)»

Dette er NVE si vurdering av tiltaket

Ei konsesjonspliktvurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for nokre allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

I reguleringsplan er det gjeve løyve til eit deponi for gråberg i Engjabødalen. Dette fører til at avrenning frå dette arealet vil vere forureina av dei massane som vert deponert der. Vatnet frå denne delen av nedbørfeltet til Gryta kan difor ikkje utan vidare sleppast attende i Grytaelva. I reguleringsplanen er det difor lagt opp til at vatn frå denne delen av nedbørfeltet skal gå i grøft/røyr ned til prosessanlegget på Engebø. Her skal vatnet nyttast til prosessvatn eller det skal sleppast ut i sjøen. Forholdet til vassressurslova vart ikkje avklara gjennom reguleringsplanen og det er difor behov for å gjere denne avklaringa no i etterkant.

Hydrologi

Grytaelva har eit nedbørfelt på 3,2 km^2 og ei middelvassføring på 293 l/s ved sjøen. Alminneleg lågvassføring er av søkar sett til 10,9 l/s, noko som samsvarer med data henta frå NEVINA.

I fase 1 av prosjektet er det berekna at 12 % av nedbørfeltet og om lag 10 % av avrenning frå Grytaelva vil bli fråført. I ein eventuell fase 2 vil det same gjelde for 22 % av nedbørfeltet og ca. 18 % av avrenninga.

Det skal etablerast eit sedimentbasseng som skal ta i mot avrenninga frå den delen av nedbørfeltet som renn gjennom deponiområdet. Her vil det stå ein permanent vasspegel på 1,2 m. Det skal opprettast vassføringsmåling i Grytaelva og når vassføringa nærmar seg alminneleg lågvassføring skal det pumpast vatn frå sedimentbassenget til Grytaelva slik at ein opprettheld ei minstevassføring på minst alminneleg lågvassføring på 10,9 l/s. Dette er i samsvar med vassressurslova § 10, som set krav om at minst alminneleg lågvassføring skal vere att i elva, med mindre det er gitt løyve til noko anna gjennom konsesjon.

Nordic Rutile AS har fått løyve frå Miljødirektoratet til å sleppe vatn frå sedimentbassenget ut i Grytaelva. NVE presiserer at dette er ein føresetnad for vårt vedtak.

Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i nml §§ 4-5 er vi avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. nml § 8. Viss kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein bruke føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Det er gjort undersøkingar og utarbeidd rapportar om konsekvensar for biologisk mangfald i samband med reguleringsplan for gruvedrift og deponiområdet. I 2022 leverte også Asplan Viak rapporten: «Effekter av redusert nedbørsfelt på fisk og vannmiljø».

Rapportar og høyringsuttalar trekker fram sjøaure og ål (EN), som dei viktigaste naturverdiane, som er avhengige av vatnet i Grytaelva. Det kan også førekomme lakseyngel i elva (NT). Låg vassføring sommarstid er trekt fram som ein flaskehals for fiskeproduksjon i elva av både Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Asplan Viak skriv i sin rapport at ytterlegare redusert vassmengde i Grytaelva, som resultat av at delar av nedbørfeltet vert fråført, kan forverre situasjonen.

Fråføring av nedbørfeltet til Grytaelva vil slik NVE ser det berre føre til ulemper når det er naturleg låg vassføring i Grytaelva. På høg vassføring vil fråføringa vere ubetydeleg. Nordic Rutile planlegg ved hjelp av sedimentbasseng å tilbakeføre vatn til Grytaelva i lågvassperiodar. Dette utsleppet er godkjent av Miljødirektoratet. Det er ein føresetnad for vårt vedtak at dette vert gjennomført. Med dette avbøtande tiltaket meiner NVE at det planlagde tiltaket ikkje vil vere til nemneverdig skade eller ulempe for ål, sjøaure og laks.

Søk i Artskart og Naturbase den 1.11.2023 viser ikkje andre viktige artar og naturtypar som kan bli påverka av tiltaket. Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar, søk i databasar og eigne erfaringar vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og sjanse for skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at det

planlagde tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. Tiltaket vil etter NVE sitt syn ikkje komme i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5.

Privatrettslege forhold

To privatpersonar skriv i høyringsuttalen sin at fleire bustadar hentar vatn frå Grytaelva. Nordic Rutile AS skriv sjølve at det skal etablerast brønnar for å ivareta vassforsyninga til desse. Dette er privatrettslege forhold som pratane må ordne seg i mellom.

Det vert også påpeika at det er andre enn Nordic Rutile AS som har fallrettar i elva og at saka må konsesjonsbehandlast for å avgjere dette. Forholdet til fallrettar og andre privatrettslege interesser er ikkje del av verken ei konsesjonspliktvurdering eller ei konsesjonsbehandling.

Oppsummering og konklusjon

Nordic Rutile AS skal etablere eit gråbergdeponi i samband med gruvedrift på Engebø. Det renn ein bekk gjennom deponiområdet og vatn frå denne må førast i røyr til prosessområdet for å unngå forureina vatn til Grytaelva. Dette fører til at ein del av nedbørfeltet til Grytaelva vert fråført. Høyringspartane peikar på at Grytaelva har verdi for anadrom fisk og ål, og at låge vassføringar i elva er ein flaskehals for desse artane. Nordic Rutile AS har fått godkjent av Miljødirektoratet å føre reint vatn frå sedimentbassenget attende til Grytaelva for å unngå at elva vert tørrlagt. Dette gjer at tiltaket ikkje vil påverke alminneleg lågvassføring i elva. Med tilbakeføring av vatn i lågvassperiodar meiner NVE at det planlagde tiltaket ikkje vil føre til slike ulemper for allmenne interesser knytt til vassdraget at det treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:
NORDIC RUTILE AS

Kopimottakarliste:
Jostein Grytten
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
SUNNFJORD KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
NORDIC RUTILE AS - Ylva Wård
Tor Grytten

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.